


# KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6

Oktober.1995

49. årg.



Opna deg hjarte! Opna alle dører!  
Helgedagsveggar til Guds hus oss fører.  
Her vil ved ord og altar han oss finna,  
fast til seg binda.

Herre, vår Fader! Dette er ditt tempel.  
Gjev du kvar stein og kvar ei sjel ditt stempel.  
Malmen i tårn, vår munn og himmelhærar,  
saman deg ærar.

Murar og spir må høgt mot himmel kneisa;  
einast din Ande liv av død kan reisa,  
Jesus, åleine du kan Anden senda,  
og oss omvenda.

Takk, Herre! Du har reist hos oss di trone,  
lagt på vår tunge lovsongs nye tone.  
Snart skal den tonen stiga utan like  
løyst, i ditt rike.

**Alfred Hauge**

## MISJON OG PENGAR

I eit program i NRK tok dei opp temaet misjon og pengar. Grunnen til det var at misjonen opplever sviktande inntekter. Grunnane til det kan vera mange. Ei av dei som vart intervjuet i programmet sa at det var vanskeleg å få nye og særleg då unge med i dei ulike misjonsforeiningar. I dag er det mange tilbod som overstrøymar oss med tilbod om å kjøpa det eine eller det andre. Korleis er det då med det offerviljen vår? Lar me noko av det gå til misjonen eller er det "meg og mitt mentaliteten" som får rå.

Sjølvsagt veit eg at mange ofrar masse til Guds rikes arbeid, men eg trur kanskje at me burde vera meir bevisst med det me nyttar midlane våre til. Det heiter i eit uttrykk at det er betre å gi enn å få. Men skal denne trenden for misjonen både heime og ute verta betre må det ei oppgradering til. Me må få auga opp for kva verdi misjonen har.

Jesus seier: Gå difor ut og gjer alle folk til lære-sveinar". Skal dette verta realitet trengst det folk som er villig satsa kreftene sine på misjonen anten det nå er med forkynning, bøn eller med sine midlar. Gud har gitt oss livet med alt det inneber, lat oss gje litt attende av våre krefter og midlar.

**Ragnvald Kringlebotten**

Himmelske far du har skapt oss i kraft av ditt levende ord. Evner og krefter du gav oss og myndighet over din jord. Hele vårt liv skulle tjene andre til nytte og gavn. Herre, gjør hjertene rene og gi oss å ære ditt navn.

Aldri blir gaven vår verdig! Vi vet det, men gir likevel. Soningens verg ble gjort ferdig av ham da han ofret seg selv. Nå kan vi tjene med glede, frikjent på grunn av din sønn. Himelske far gjør oss rede til uselvsk offer og bønn.

**P. Appelford/O. Hillestad**

### STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 13. november 1995.

Bladet kjem ut i veke50 som byrjar med 11. desember  
Ragnvald

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på førehand.  
Prestane har teieplikt.

### Vaksdal prestegjeld

Sokneprest Frode Kvamsøe tlf. 56 59 61 20.  
Prestevikar Gudrun Boge Karlsen tlf. 56 59 70 88 (kontor) 56 59 72 32 (heime).  
Kontorfullmektigen er på kontoret tysdag, onsdag og torsdag kl. 9-13.  
HUGS - måndag er presten sin fridag.

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgevar: Sokneråda  
Bladpengar: kr. 60,-  
Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp. mm.  
Postgiro: 0808 57 23 4 73  
Bankgiro: 3500.50.13 117  
Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten, 5273 Stanghelle.  
Tlf. 56 59 51 81/56 59 52 50  
Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal. Tlf. 56 59 72 32.  
Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.  
Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese

## AVSKILDSRUNDE FOR KJELL ARNE NORUM

I august og september hadde Kjell Arne Norum ei rekkje avskildsgudstenester i Vakdal prestegjeld. Dette kan de lesa om på side 3 til 10.

### Nesheim

Det heile starta i Nesheim kyrkje 6. august. Etter gudstenesta skipa sokneråda for Nesheim og Eksingedalen til fest.

Kjell Arne Norum fekk mange takkens ord med seg på vegen både frå sokneråda og andre. Leiar i Nesheim sokneråd, Ingunn L. Gullbrå seier at dei saknar han i dalen. Spesielt vart det framheva hans evne til å få både småborn og skuleborn i tale.

Kjell Arne fekk med seg eit par tøflar i saueskinn laga av Grete Andersen og eit trefat laga av Ingvild Brønstad der begge kyrkjene i dalen var innsvidde, som helsing frå sokneråda.

### Eidsland

Stamnes sokneråd som dekkjer både Eidsland og Stamnes skipa til to festar. Den første var på Eidsland 13. august med gudsteneste og fest.

På festen vart det servert smørbrød, kaffi og kaker. Her var også takkeorda mange og gode. Utanom soknerådet var det mellom anna også helsing frå Harald Neset og Nils Møster. Det vart mellom anna sagt at Kjell Arne var ein pedagogisk flink person som hadde evne til å leggja seg på tilhøyrarane sitt nivå anten det var barn, ungdom eller vaksne.

Gåva frå soknerådet var ein lampe som Ingvild Brønstad hadde laga av ei trerot.

Det må også nemnast at 26. august avslutta Norum sin visitt på Eidsland då han stilte på soknerådet sitt fotballag i kamp mot Eksingedalen Småbrukarlag.

20. august var Stamnes sokneråd i elden att og skipa til fest etter avskildsgudstenesta.

På Stamnes vart det servert kjøttkaker og is til dessert. Anne Margrete Eikefet helsa frå soknerådet og Ingolf Gammersvik frå indremisjonen.

Elles var det helsing frå Odny Kallestad og Liv Seime Stamnes, ho takka for mange fine stunder både skulestova og i heimen.

Frå soknerådet fekk Kjell Arne eit porselensfat med motiv av Stamnes kyrkje og Eidland kappel. Kjell Arne fekk også ein tur til Fyllingslid som gåve av Ola Kvamme, og den turen vart teken nokre dagar etter gudstenesta på Stamnes.

### Bergsdalen

13. august vart det skipa til avskildsgudsteneste i Bergsdalen, dette var samstundes Bergsdalsstemne.

Etter gudstenesta var det fest i kyrkjesalen. Der vart det servert dravle, smørbrød og kaker. Lise Lotte Småbrekke takka frå soknerådet og gav Norum eit bilete av Bergsdalen kyrkje, biletet er teke av Daniel Lid. På festen syntte også Kjell Arne mange fantastiske ljusbilete frå Vaksdal kommune, så han har sanneleg trakka mykje rundt både på fjell og ved sjø.

Etter festen vart det heile avslutta med ei songstund i kyrkja der Leidulv Almenningen song solo.

### Dale

27. august var turen komen til Dale kyrkje. Etter gudstenesta bad soknerådet inn til fest i Dalekjellaren, der fekk me betasuppe, kaker og kaffi.

Eli Kringlebotten helsa frå soknerådet og gav Kjell Arne ei Dalekuffte som vert kalla "Vindstopper" med lue til. Lars Ragnvaldsen helsa frå dei tilsette.

Frå Dale Indremisjon fekk han sølvskjei og blomehelsing frå Stanghelle Indremisjon. Alle som hadde ordet takka mykje og ynskte lukke til vidare.

### Vaksdal

3. september var det klart for Norum si siste gudsteneste i Vaksdal kommune. Mange hadde funne vegen til Vaksdal kyrkje denne søndagen.



Vaksdal kyrkjekor song under leing av Gunvor Bjørsvik.

Norum takka for tilliten kyrkjelyden hadde vist han og for oppmuntring. Dette la han også vekt på i alle avskjedsgudstenestene. Han minnst alle gongane han hadde vore i møte med folk. Det hadde vore både sorg og glede, bot og lovsong og bøn og altargong. Møta med folk i kyrkje og bedehus eller over ein kopp te i heimane hadde gjort sitt til at eit venskap vaks fram, sa Norum i kyrkja.

Etter gustenesta var det fest i bedehuset. Bjørn Knutsen helsa frå soknerådet og sa at Kjell Arne hadde vore ein omsorgsfull person som var godt likt av alle. Mange synest det var dumt at han skulle slutta. Knutsen takka også for at Norum tar bibelen på alvor og for dei mange vitjingar han hadde avlagt i heimane. Frå soknerådet fekk Kjell Arne eit måleri frå inst på Lonastølen med fossen frå Fossavatnet i bakgrunnen.

Prost Knut A. Knutsen takka også for godt samarbeid og gav Kjell Arne ei bok som heitte "Religion, samfunn og virkelighet". Gudrun Boge Karlsen som skal vikariera etter Kjell Arne helsa også og takka spesielt for at han hadde lagt alt så vel til rette på kontoret.

Jakob Kalleklev helsa frå Vaksdal Indremisjon og gav Kjell Arne ein lysestake som takk for dei åra han hadde vore her. Det hadde vore rikt å høyra på deg, sa Kalleklev. Ståle Hol helsa frå Vaksdal skule og takka for fine skulegudstenester og Kjell Arne si evne til å møta borna på deira nivå.

Per Normark helsa også og hadde med seg ei rekkje gåver frå arbeidsplassen sin ved Stormøllen. Han takka for at Norum hadde teke turen innom mølla fleire gonger og ikkje minst for gode andaktar ved juleavslutninga. Gunvor Bjørsvik helsa frå speidargruppa. Kjartan Gullbrå helsa frå ungdomane og takka for mange fine opplevingar.

Frode Kvamsøe helsa og sa at det hadde vore rikt å ha Kjell Arne som medarbeidar. - Når eg kom her som ung sokneprest var det godt å verta motteken som likemann sjølv om Kjell Arne hadde meir erfaring og fleire år som prest.

Til slutt takka Kjell Arne for alle godorda, for godt samarbeid med sokneråde og for godt samarbeid med alle tilsette. Han retta også ei takk til alle i Vaksdal prestegjeld.




Foto: Johan Neset

Kjell Arne fekk lampe ved avslutninga på Eidslandet frå soknerådet ved Anne Margrete Eikefet.



Kaffi og kaker vart servert under avskjedsfesten på Eidsland.

Foto: Anne Margrete Eikefet



Foto: Arne Normann


Fat med motiv av Stamnes kyrkje og Eidsland kapell fekk Kjell Arne frå Stamnes sokneråd.





Frå avslutningsfesten på Stamnes.

Foto: Anne Margrete Eikefet



Frå avslutningsfesten på Dale

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Foto: Ragnvald Kringlebotten  
I Bergsdalen fekk Kjell Arne eit bilete av kyrkja  
frå soknerådsformann Lise Lotte Småbrekke.



Foto: Ragnvald Kringlebotten  
Med lua trygt på hovudet pakkar Kjell Arne opp  
vindstopperjakke frå Dale Sokneråd.



Bjørn Knutsen overrekte måleri frå Lonastølen frå Vaksdal sokneråd.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Ungdomane møtte også mannsterkt opp på festen på Vaksdal.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Små og store kosar seg på festen i Vaksdal bedehus.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

På festen på Vaksdal song soknerådet og medarbeidarar ein song til Kjell Arne som me tek med her.

## Til Kjell Arne

Mel.: Kjære du mi Randi

Kjære Kjell Arne - hør her litte granne,  
no vil vi syngja ein avskjedssong til deg.  
Du er no vorten ein kjær mann i bygda,  
mange vil heilt sikkert sakna deg.  
Vi er blitt glade i res. kap.'en vår,  
her har du vore i nær på ti år.

"Sorgen og gleden de vandrer til hope-"  
då er det godt med ein trøystar og ven.  
Flink har du vore til å bera fram Ordet,  
peika på Jesus så klårt og så reint.  
Gamle og unge set stor pris på deg,  
difor er vi triste når du no dreg din veg.

Med fleire lag med genserar og hua godt om  
"hove"  
har du vandra flittig rundt i fjella kringom her.  
Gode replikkar og sansen for humor  
har vi sett pris på, alle og "ein kver".  
Du har vist omsut og stått mykje på,  
snakka så lunt til både store og små.

Mel.: Vaksdalsongen

Vår bygd er fager, kranse inn av fjell",  
og du har vore på kvar topp og gjel.  
I Vaksdalsgarden har du budd ved Koop'en,  
du kjenner kvar ein granne, - rask på foten.  
Den gule bilen går så trutt og jamnt,  
den vil vi minnast, det er visst og sant.

Mel.: Kyrkja ho er eit gamalt hus

Kyrkja vår er av gråstein gild,  
ligg under lia den grønne.  
Den er vi glad i, men vi vil  
gjerne ha teppe på veggen.  
Kanskje ein gong om nokre år  
vegen til Vaksdal atter går....,  
du får sjå teppa så fine.  
Orgelet tonar, Julia

spelar så fint under kvelven.  
Klokkaren Bjørn er god å ha,  
hjelper med nattverd og kalken.  
Albert, vår kyrkjetnar tru,  
vitsar og gjer oss "glad i hu".  
Alle er vener med presten.

Mel.: Dar kjem dampen

I Vaksdalsgarden står ein Fiesta så fin,  
så liten og gul at han "skine",  
han fer gjennom bygda med eigaren sin, -  
presten må fram på timen!  
Dar kjem presten, greie presten,  
nikkar vi alle som ein.  
No skal presten rundt til nesten.  
Tut - tut - tut - her kjem han med eit smil.

Men no vil han reisa frå Vestlandet, vår ven,  
til Austlandet, det flate og store.  
Folket i bygda vil sakna deg sårt,  
no gret både gamle og unge.  
Dar for presten, gilde presten,  
men vi vil ynskja deg god tur.  
Ver velkome hit tilbake!  
Du i vårt hjarta har sett bu.

Hjarteleg helsing sokneborna på Vaksdal

Kjell Arne var ikkje verre på det enn at han  
takka for seg med å syngja eit vers til tonen frå  
"Kjære du mi Randi":

Kjære min kyrkjelyd - lat meg no seia  
takk for ein dugande, triveleg fest.  
Suppe og kaffe og songar på vegen,  
gåver og godord frå lekmann og prest.  
:/: Snart må vi seia farvel og Guds fred  
- går vi med Herren, så vil han gå med.:/:

Hjarteleg helsing  
Kjell Arne





Foto: Linda Lien, Vaksdal Posten

Noko av det siste Kjell Arne Norum var med på var å spela fotball inne på Eidsland, her er han saman med resten av laget.

## FJELLVANDRINGSLEIR

8. til 10. september skipa Norges Samemisjon til fjellvandringsleir i Vaksdalfjella. Det heile tok til fredag 8. september.

-Me starta frå Herfindal og gjekk til Lonane, fortel ein av deltakarane, Jostein Rene. Morten Pedersen som er krinssekretær i Bergen krins hadde bibeltimar. Bibeltimesamlingane og ikkje minst samlingane på kveldstid var stunder eg ikkje ville vore forutan. I tillegg må eg nemna det strålande veret me hadde på heile turen, fortel Jostein.

-Laurdagen gjekk me til Herfangen og slo leir. Nokre prøvde fiskelukka slik at me fekk steikt aure til kvelds. Det fine og varme veret gjorde også at nokre av oss åtte som var med låg ute natta til søndag. Dei la seg i måneskinn og vakna til solskinn. Søndagen vart så leiren av slutta med å gå om Blåfjell og nedatt til Herfindal. Det fine veret og høvet me fekk til å oppleve Guds frie natur med hausten sine fargar vonar eg endå fleire vil vera med på neste gong

det vert skipa til ein slik fjellvandringsleir, avsluttar Jostein.

R.K.



Foto: Morten Pedersen

Deltakarane på fjellvandringsleiren.

## GUD ER HEILAG

Tysdag 5. september var 21 søndagsskule- arbeidarar samla hjå Inger og Yngve Lavik til samling før hauststarten. Sekretær Nils Arne Lavik deltok. Tema for møtet var "Gud er heilag" og korleis ein skal formidla det til borna.

-Går det an å snakka til borna om dette?, er ikkje dette for vaksne, dei som er kristne, sa Lavik. -Eg har tenkt på dette. Bibelen vil det ikkje slik sjølv om me av og til har lyst til å ha ein Gud laga i vårt bilete. Gud er heilag - det er hans vesen, me kan ikkje endra dette.

Lavik tok utgangspunkt i desse bibelord som det vil føra for langt å sitera alt av, slå dei heller opp sjølv: 1.Mos. 18,16 ff, 2. Mos. 3,1 ff, 1.Kong. 19,1-18, Jesaja 6,1 ff, Matt. 28,7 og Johs. 1,29.

Lavik snakka så om konsekvensane av ned- toning av heilagdomstenen.

-Stundom forklarar me Gud i hel, me må kunna undra oss i lag med borna. Me føler kanskje at me alltid må forsvare Gud. Me burde heller av og til undra oss og ikkje forklara meir enn me skal, me teng ikkje ha taket på Gud, sa Lavik.

-Nærleiken til Gud må ikkje verta slik at det vert ein slags kameratskap mellom likeverdige partar. Det som gav Abraham verdi var at Gud var større enn han (1. Mos. 18). I Rom. 8,15 møter me uttrykket Abba, Far, det betyr at far er større enn meg. Det er ikkje nok å ha Gud og Jesus til ven - han er vår far.

-Dersom me lagar ein Gud i vårt bilete vert det lett til ein tone som seier: Me vil Gud, du skal Gud.

## Borna

-Korleis skal me så formidla dette til borna?, spurde Lavik. Det beste er ikkje utan vidare å berre ta fram tekstar, det går også på å tenkja i totalformidling. Kravet til oss bør vera at me lar bibelteksten snakka oss til rettes først, ikkje ta vekk undringa.

Me bør også tenkja på ramma me har rundt oss når me samlar borna. Ei sunn og god høgtid treng ikkje vera stivt, men at me nå er bevisst på at me nå er samla framfor Gud. Konkret kan det også vera at me er stille før me ber og ikkje alltid lagar

alt så enkelt at me ikkje har noko å strekja oss etter.

R.K.



Trufaste søndagsskulearbeidarar samla på Lavik.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



## MØRKREDD

Marius var tre år. No skulle han leggja seg. Det var ganske morosamt til å byrja med. Marius kledde av seg kleda sine. Han var i kjempeform; ein sokk kasta han under skåpet, den andre landa oppå vaskemaskina. Så var det buksa; ho gjekk i ein fin boge oppi lufta og landa i badekaret! Til slutt balla han gensaren sin saman til ein liten rull før han kasta han inn under vasken.

Tannpussen måtte far ta seg av. Men Marius hadde fått barnetannkrem og tannbørste med bein på! Far pussa i veg, og Marius gapte.

Til slutt kom det beste: Ein herleg fluortablett! Men så vart Marius stille. No skulle han leggja seg på rommet sitt, og det var der det var skummelt, Marius var redd.

-Kvar er du redd for då? spurde far.

Eg er redd for mørket! Marius snufsa og såg mistenksamt rundt i rommet. Då gjorde far noko lurt. Han skrudde lyset på att. Så undersøkte Marius og far heile skåpet, under senga og nede i leikekassen. Det var ingen der.

Far la Marius godt attende i senga. Så pakka han dyna tett rundt guten sin.

-Veit du, no skal me be Jesus passa godt på vesle Marius i natt. Også når mamma og pappa er sovna, så er Jesus vaken og passar på deg. Jesus kjenner mange små born som har lagt seg no. Han er hjå alle saman.

Så song dei eit par godnatt-songar.

-God natt, sa far.

Marius svara ikkje. Han hadde sovna.

Elisabeth Bjør Aasbø (KPK)



## Kjære Gud

Når det regner rundt sola, vokser regnbuen fram.

Jeg skulle ønske jeg kunne sitte på den broen og se utover hele verden

Så ville jeg tenke på deg, Gud, og kanskje ville du tenke litt på meg også?

Jeg syns regnbuen er så vakker!

Nesten som en stige hvor dyr og mennesker kan klatre helt til himmelen.

Bestefar sammenlikner bønnen med regnbue-broen, en bønnebro vi bygger til deg, Gud.

Hjelp oss å bygge bønnebroen i farger, for det er nok av mørke i verden.

Amen.

Fra boka "I startropa" av Torhild Moen. Gjengitt med tillatelse fra Verbum forlag.



## SØNDAGS-SKULENS DAG

Søndag 10. september vart Søndagsskulens Dag skipa til for heile Vaksdal kommune på Stamnes. Det heile starta med familiegudsteneste.

Frode Kvamsøe tala over teksten i Johs. 10 om sauene og hyrdingen. -Som hyrdingen passar sauene sine passar Jesus på oss. Han kjenner oss viser oss mat for sjela vår i Bibel og bøn. Han hjelper oss mot alt som ber oss redde og gjev oss fred. Jesus er veldig glad i oss og gjev oss trygg-leik og fred sjølv om det kosta han livet, sa Kvamsøe.

Etter Gudstenesta var det pause der me kosa oss med mat og drikke. Når pausen vel var over fekk dei som ville vera med på natursti der ein skulle svara på spørsmål på ymse postar.

Det heile vart så avslutta med ei songstund leia av Arne Normann. Dette var også startskotet for dei ordinere søndagsskulesamlingane.

R.K.



Foto: Ragnvald Kringlebotten  
Her er det sigrande laget i natursti konkurransen på Søndagsskulens Dag.



Borna song i kyrkja på Søndagsskulens Dag.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



## EISDLANDET KAPELL - 70 ÅR

Søndag 23. april vart det høgtida at det var sytti år sidan Eidsland fekk kapell. Me tek her med nokre setningar frå sogeboka for Stamneskyrkja.

"Onsdagsmorgonen 29. april ljoma kyrkje-klokkene for fyrste gongen i korbdehuset på Eidsland. Prost Vassstrand gjorde altarteneste og tala over Matt. 10, 1-8. Deretter vigsla han huset og den utvida gravstaden frå altaret. To born vart døypte og ein heimdøypt vart signa. Det var ein ugløymande høgtidsdag for Eidsfjordingane.

Soknerådsformann Anne Margrete Eikefet seier at jubileet vart markert med kyrjekaffi og utdeling av bøker til 4. klassingane og 1. og 2. klasse. Kjell Arne Norum deltok også. Ein av dei som vart døypte 29. april 1925, Ola Eikefet, var også til stades.

"Liljekonvallen" deltok med song under gudstenesta.



Foto: Asbjørn Ekse  
Ola Eikefet til høgre vart døypt på vigsledagen for 70 år sidan.



Foto: Asbjørn Ekse

"Liljekonvallen" song under gudstenesta for jubileet på Eidsland.

## SLEKTERS GANG




### DØYPTE

#### DALE

10.09 Lise Balestrand Ulveseth

#### STAMNES

01.10 Ronelin Lunde Stamnes



## Kristningssalme 1995

Tekst og melodi: Rolf Tofte

Herre, du som ein gong kristna dette landet,  
og let kongar setja kross på heilnorsk grunn -  
Herre, du som planta trua ved din Ande,  
og som vigsla oss med ord frå tenarmunn:  
Gjev oss syn og gjev oss sans for kristningsverket,  
sign oss du på ny med krossens teikn og merke!

Herre, du som gjekk i land på våre strender,  
gjer ditt milde strandhogg stendig i vårt sinn!  
Vei din heilagdom med våre hender,  
opna hjartans stengde dører, og stig inn!  
Kveik din eld og kall oss du til vardevakter  
mot all overtru og alle vonde makter!

Herre, du som over hav let såkorn senda,  
og gav vekst og frukter i vår skrinne jord:  
Lat vårt folk på ny i takk seg til deg venda!  
Fyll oss du med nyskapt liv og heilag 'gror!  
Av den nøgd du gav oss, lær oss du å dela  
til den dag då alle folk for deg skal knela!

### AVLIDNE

#### DALE

26.08 Otto Martin Solberg, f.1919

07.09 Torolf Stokke, f. 1921

09.09 Ida Jørgine Strømme, f. 1909

16.09 Odd Petersen, f. 1911

23.09 Annette Falkeid Standal, f.1995

#### VAKSDAL

29.08 Inga Marie Granlien, f.1906

29.08 Trygve Faugstad, f.1918



## Bli med på Santal- leir, og opplev felles- skapet.

### Adventsleirer:


1.-3. des. 1.-3. klasse leir

8.-10. des. 4.-6. klasse leir

På Sotraheimen



Ring Den norske Santalmisjon  
for program 55 31 60 90





## VELKOMEN TIL KYRKJE



### 22.oktober - 20.søndag etter pinse

**DALE kl.11.** Fam.gudst. Boge

Karlsen.Utdeling av "Vener i kyrkja" til 2.kl.

Offer til Den Norske Sjømannsmisjon.

**NESHEIM kl.11.** Kvamsøe. Offer til Fagertun leirstad.

**STAMNES kl.17.** Boge Karlsen. Nattverd.

Offer til Norsk Lærarakademi.

### 29.oktober - Bots- og bededag

**VAKSDAL kl.11.** Kvamsøe. Nattverd.

**EIDSLAND kl.18.** Salmekveld. Harbrecht og Boge Karlsen.

### 5.november - Helgemessesøndag

**DALE kl.11.** Boge Karlsen. Nattv. Offer til Norges KFUK-speidarar.

### Fredag 10.november

**DALE kl.19.** Salmekveld. Hamnes og Boge Karlsen.

### 12.november - 23.søndag etter pinse

**VAKSDAL kl.11.** Fam.gudst. Boge Karlsen.

Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" til 4 åringar.

Offer til Norges KFUK-speidarar.

**STAMNES kl.11.** Fam.gudst. Kvamsøe.

Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" til 4 åringar.

Offer til Den Norske Israelsmisjon.

**BERGSDALEN kl.16.00** Kvamsøe. Nattverd.

Offer til AAN - Rådgivingskontor for gravide.

### 19.november - 24.søndag etter pinse

**DALE kl.11.** Fam.gudst. Kvamsøe. Utdeling av

"Barnas Kyrkjebok" til 4 åringar. Offer til

Kirkens SOS.

**EKSINGEDALEN kl.11.** Boge Karlsen. Nattv.

Offer til Soknerådsarbeidet.

**VAKSDAL kl.18.** Musikkandakt. Harbrecht og

Kvamsøe.

### Fredag 24.november

**STAMNES kl.19.30** Musikkandakt. Harbrecht og Kvamsøe.

### 26.november - Siste søndag i kyrkjeåret.

**VAKSDAL kl.11.** Boge Karlsen. Nattverd.

Offer til Sjømannsmisjonen - Den norske kyrkje i utlandet.

**EIDSLAND kl.11.** Kvamsøe. Nattverd. Offer til Folkebevegelsen for livsrett og menneskeverd.

**STANGHELLE kl.18.** Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Norges KFUK/KFUM.

### 3.desember - 1.søndag i advent

**STAMNES kl.11.** Kvamsøe. Nattverd. Offer til Institutt for Sjelesorg på Modum.

**NESHEIM kl.11.** Boge Karlsen. Nattverd.

Offer til Kristeleg Kringkastingslag.

**DALE kl.18.** Lysmesse. Kvamsøe.

### Fredag 8.desember

**GRØSVIK GRENDAHUS kl.16.30** Adventmøte. Boge Karlsen.

### Laurdag 9.desember

**BERGSDALEN kl.16.00** Lysmesse/konsert. Kvamsøe. Dale Mannskor.

### 10.desember - 2.søndag i advent

**DALE kl.11.** Kvamsøe. Nattverd. Offer til Misjonshøgskulen.

**VAKSDAL kl.18.** Lysmesse. Boge Karlsen.

### Fredag 15.desember

**DALE kl.19.** Julekonsert. Boge Karlsen.

### Laurdag 16.desember

**STAMNES kl.17.** Lysmesse/konsert. Kvamsøe.

### 17.desember - 3.søndag i advent

**EIDSLAND kl.11.** Fam.gudst. Boge Karlsen.

Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

**VAKSDAL kl.18.** Julekonsert. Kvamsøe.